



Møteprotokoll

Utval: KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 16.02.2010 **Tid:** 18.00

Desse møtte:

Bjørn Nedreskodje, leiar
Elise Stette
Inge Øye
Terje Vadset
Edith Stokke
Torbjørn Skodjereite

Frå administrasjonen møtte Haldor Aasebø som sakshandsamar.
Ordførar Modolf Hareide tok også del i møtet.

Leiaren tok ein gjennomgang av stoda for dei sakene utvalet arbeider med, og korleis ein tenkjer seg framdrifta.

SAKLISTE

Sak nr. Arkivsak

1/10 09/225
BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE
(sakshandsamar: Haldor Aasebø)

Sak 1/10

BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE

HANDSAMING:

Engeset skule:

Etter ein gjennomgang av det som har vore vurdert, og noko drøfting av andre lokalitetar der folk Engesetdalen samlast, samla utvalet seg om følgjande vedtak:

1. Kultur- miljø og energiutvalet ber rådmannen ta kontakt med representantar for Engesetdalen (Idrettslaget + +) for å få fram premissar for at bygdefolket kan ta over Engeset skule.
2. Resultatet skal leggjast fram for utvalet på neste møte.

Elise Stette måtte forlate møtet.

Brusdal skule:

Rådmannen vert bedt om å prøve å få til ein avtale med Ålesund kommune som sikrar bruk av Brusdalsbana for andre lag enn Brusdal IL. Dette må i alle fall kunne ordnast så lenge grasbana på Skodje er under arbeid.

Resultatet skal leggjast fram på neste møte.

Etter ein del drøfting av alternative løysingar, vart utvalet samde om følgjande vedtak:

Kultur- miljø og energiutvalet ber rådmannen arbeide for å få opna barnehage i lokala til skule frå hausten 2010.

Det må inngåast ein avtale som sikrar bruken av skulen til kulturaktivitetar for bygdefolket.

Utvalet vil ha tilbakemelding om saka på neste møte.

VEDTAK:

Engeset skule:

1. Kultur- miljø og energiutvalet ber rådmannen ta kontakt med representantar for Engesetdalen (Idrettslaget + +) for å få fram premissar for at bygdefolket kan ta over Engeset skule.
2. Resultatet skal leggjast fram for utvalet på neste møte.

Brusdal skule:

Kultur- miljø og energiutvalet ber rådmannen arbeide for å få opna barnehage i lokala til skule frå hausten 2010.

Det må inngåast ein avtale som sikrar bruken av skulen til kulturaktivitetar for bygdefolket.